



Referat

Områdeutval (OU) for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	8. mai 2025 kl. 10.00 - 13.00
Møtestad:	Møterom Timaglaset, Voss sjukehus
Møteleiar:	Torstein Kvåle Hellesnes
Til stades:	Torstein K. Hellesnes (Ulvik herad) – leiar av OU Voss lokalsjukehusområde Birger N. Lærum (Voss sjukehus) – nestleiar av OU Voss lokalsjukehusområde Kjersti Nordanger (Voss herad) - via Teams Terje Langeland (Kvam herad) Solrun Hauglum (Vaksdal kommune) Karin Flatabø Thrane (Eidfjord kommune) Randi-Luise Møgster (Helse Bergen) Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen) Anne Jorunn Langeland, vara for Maria Vollsaeter (Helse Bergen) Brita Træbakken (bruksrepresentant kommune) Vegard S. Kolve (Bjørkeli DPS) Eldfrid Nerland Haukenes (fastlege) Eystein Hauge (kommuneoverlege) - via Teams Britt Heidi Tefre (Unio) Line Lie (Fagforbundet) - via Teams Atle Grung (bruksrepresentant føretak) Trude Hjortland (SSE føretaksrepresentant) Eli Skeie (SSE kommunerepresentant)
Fråfall:	-
Referent:	SSE

Nr.	Saksliste	Sakstype Vedtak Drøfting Orientering
17/25	Godkjenning av innkalling og saksliste <u>Vedtak</u> Innkalling og saksliste vert godkjent.	V
18/25	Godkjenning av referat frå 30.januar 2025 <u>Innspel:</u> <ul style="list-style-type: none">- Sak 05/25, punkt tre: endre til «dersom mobilisering med heimevernet med fleire må trø til.- Sak 07/25, oppfølging av spørsmål knytt til bistand dersom bekymring knytt til rusutfordring hos gravide: Avdeling for rusmedisin (AFR) Martens har tilbod om rettleiing for alle dei 18 kommunane. AFR skal oppdatere nettsida med tydlegare informasjon, og deler dette når den er klar. <u>Vedtak:</u> Referat godkjent med ovannemnte innspel lagt til.	V

19/25	<p>Orientering frå møtet i SSU <i>v/Solrun Hauglum</i></p> <p>Gjennomgang av referatet frå SSU-møtet. Oppfølging av følgjande saker i etterkant av SSU-møtet nemnt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - «Korleis skal helsefellesskapet planlegge for krig»: Arbeidsgruppa er no etablert, og møtetidspunkt er avtalt. Assisterande fylkesberedskapssjef Mari Severinsen vil vera med i første møtet. - «Møteplan 2026»: Partane er no kalla inn til OU Voss sine møter for 2026 og møteplanen ligg på saman.no (lenke). Oppfordrar samstundes til å nytte denne nettsida. <p>Innspel: Ingen innspel</p> <p>Vedtak: OU Voss tek gjennomgangen til orientering</p>	O/D
20/25	<p>Status handlingsplan <i>v/SSE</i></p> <p>Handlingsplanen er no, etter ønskje frå førre OU-møte, utforma med oppsamling av fullførte tiltak i eigen tabell til slutt. I tillegg er det med mål om å auka brukarvennlegheita av planen satt inn ei kolonne for kommentar til status for tiltaka.</p> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Angåande tiltaket «Innføring av PLL i Helsefellesskapet»: Fastlegane har no fått opplæring, men ikkje alle på sjukehusa enda. Voss DPS jobbar med å få superbruksfunksjon. <p>Vedtak: OU Voss tek gjennomgangen til orientering</p>	O/D
22/25	<p>Rekrutterings- og samhandlingstilskot <i>v/SSE</i></p> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Prosjekta som fekk tildeling var i stor grad store og stødige. Korleis kan ein ta i vare dei mindre prosjekta og kommunane i neste runde? - Reaksjon frå brukarorganisasjon via brukarrepresentant i OU om at prospekt som dei opplevde kunne minne om konseptet til Helse i Hardanger fekk tilskot, når ikkje Helse i Hardanger fekk vidareført midlar i si tid. <p>Vedtak: OU Voss lokalsjukehusområde tar saken til orientering og melder følgjande innspel til neste års utlysningsrunde:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Frå starten av vurdere kva rolle ein har i komitéen. Vanskeleg å få til ein lokal komité dersom ein ikkje kan vera involvert i noko prospekt. - Ein lyt vurdere om modellene som vart nytta i 2025 fremma dei store prosjekta, på kostnad av dei mindre. Lyt i tilfelle justerast litt. 	O
21/25	<p>Prehospital plan og mulige konsekvensar for OU Voss <i>v/Torstein K. Hellesnes, Birger N. Lærum og Tommy Nybakk</i></p> <p>Prehospital plan er no på høyring og leiar og nestleiar av områdeutvalet ønskja å drøfta nokre punkt i fellesskap. Kst. avdelingssjef Tommy Nybakk var med på Teams for å kunne svare ut ev. spørsmål.</p> <p>Følgande punkt vart drøfta/informert om i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Om og ev. korleis Prehospitalt plan vil påverke utviklinga av Nye Voss, eit bygg på Voss sjukehus, er ikkje i prospektet sitt mandat å svare på. Det går under Helse Bergen sine langsiktige investeringsplanar. - Frå høyringsutkastet vart det opplevd litt uklart om det var skissert inn ambulansestasjon i Vaksdal. Analysar som vart gjennomført i planarbeidet viste at ein må ha ambulansestasjon i Vaksdal, og ein lyt då finne eigne lokale for dette. 	O/D

	<ul style="list-style-type: none"> - Planen føreslår å styrke områda i distrikta med ny døgnbil på Voss og flytte dagbilen frå Voss til Kvam. Ønskjer ein sterk og god stasjon på Voss. - To kommunar har fått utvida høringsfrist, så dersom fleire treng dette kan ein søke om det. - Gjenstår prosess med gjennomgang av innspel og forankring før det skal opp i Helse Bergen sitt styre etter sommaren. - Kommunane i OU Voss sender eitt felles svar, men alle står fritt til å sende eigne. <p>Vedtak: OU Voss lokalsjukehusområde takkar Tommy for digital deltaking og avklaringar, og tek diskusjonen med seg til orientering.</p>	
23/25	<p>Lokalsjukehuskonferansen. Orientering og spørsmål om underskotsgaranti. v/Torstein Hellesnes</p> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan Seksjon for samhandling bidra? SSE føl opp dette. - Dersom «Pilot X» vert lagt til området er det ein naturleg stad å formidle om dette. <p>Vedtak: OU Voss lokalsjukehusområde</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) tek med seg informasjon om tid, stad og innhold i lokalsjukehuskonferansen til orientering og vidare inn eigen organisasjon, 2) løyver 30 000kr som kan nyttast til underskotsgaranti, og 3) vedtek at eventuelt overskot frå konferansen vert sett av til komande lokalsjukehuskonferansar. 	O/V
24/25	<p>Representantar til revisjon av særavtale til Tenesteavtale 2 v/SSE</p> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - I saksgrunnlaget står det samansettning, men det ein tek då til grunn for at det betyr representasjon. <p>Vedtak: Kommunar og spesialisthelsetenesta melder inn namn på representantar til arbeidsgruppa som skal jobbe med Særavtale til Tenesteavtale 2 til SSE innan 16. mai.</p>	V
25/25	<p>Psykisk helsevern for framtida - delprosjekt DPS for framtida v/Randi-Luise Møgster</p> <p>Viser til vedlagt presentasjon.</p> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bra med meir fokus på funksjon framfor diagnose. - Godt å få avklart at Voss DPS held på si organisering for dei tilhøyrande kommunane. - Spørsmål knytt til «styrking av FACT» når ein ikkje har det? Det pågår nasjonale diskusjonar om korleis styrke samhandling. Ikke sikkert FACT-modellen er rett for Voss DPS/lokalsjukehusområde. Her kan ein få innspel frå eksterne, eksempelvis om det skal vera FACT eller ein annan modell (t.d. eige team). <p>Vedtak: Helsefellesskapet tek saka til orientering.</p>	O
26/25	<p>Psykisk helse (DPI) og ønskje om deltaking i områdeutvala v/SSE</p> <p>SSU vedtek om psykisk helse (DPI) skal bli med i OU eller ikkje, men saka kan drøftast i OU.</p> <p>Vedtak: OU Voss lokalsjukehusområde tar saken til orientering og har følgjande innspel/kommentarar til sak som skal meldes til SSU i juni:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Divisjon psykisk helsevern støtter å ha psykisk helse (DPI) med i OU då det mellom anna blir eit viktig møtepunkt som fremjar deira samarbeid - Kommunane støtter psykisk helse (DPI) med i OU 	D

	<ul style="list-style-type: none"> - Behov for avklaring av formell status til psykisk helse (DPI) i OU'ane kan løysast ved at dei får status som "observatør med tale- og forslagsrett", medan Divisjon psykisk helsevern (Helse Bergen) framleis vil representere psykisk helse (DPI) i vedtakssaker. 	
27/25	<p>Behov for meir praksisnær avtale mellom DPS og kommunar? v/Terje Langeland og Vegard Kolve</p> <p>Manglar ein noko i noverande avtaleverk, og er det i så tilfelle behov for ein ev. (sær)avtale, eller har ein nok? Er det behov for ein formalisert og forpliktande samarbeidsavtale som mellom anna tek føre seg oppgåvedeling, kompetanseutveksling og gjensidig rettleiing med lokale tilpassingar? Spørsmåla spring ut av diskusjon i underutval for rus og psykiatri, og er særleg opplevd som relevant knytt til oppfølging av vedtak om tvangsmedisinering.</p> <p>Innspel: Tenesteavtale 3 og 5 (<i>inn- og utskriving</i>) er under revidering, og mogleg innspel kan sjåast i samanheng med den prosessen. Alternativ plassering til ev. særavtale er Tenesteavtale 2 (<i>samhandling</i>). Underutvalet oppfordrast til å gje tilbakemelding om kva dei vurderer det er behov for og forslag til korleis dette kan løysast.</p>	D
31/25	<p>Habilitering i Barn og unges helseteneste (også kalt «HABU-prosjektet») v/Sun Norstrønen</p> <p>Gjennomgang av vedlagt presentasjon, og ønskja innspel på vegen vidare.</p> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det kan vera utfordrande for små (og større) kommunar til å finne nok hovud til ulike prosjekt/program, og det er difor hensiktsmessig å kople seg på noko som frå før eksisterer, dersom mogleg. - Ein kan oppleve overgangen mellom tenester og nivå som stor når ein blir myndig. Det er viktig med forventningsavklaring mellom tenester, både mellom oppvekst og helse, og på tvers av nivå i helsetenesta. <p>Vedtak: Områdeutvalget for Voss lokalsjukehusområde takker for presentasjonen, og har følgende tilbakemeldinger til hvordan HABU kan tilrettelegge for ett godt samarbeid med kommunene i det videre prosjektarbeid:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kople på underutvalet for barn og unge i etterkant av FSU for barn og unge. 	O
29/25	<p>Presentasjon av arbeid med rapport frå Riksrevisjonen om rehabilitering i helse- og omsorgstenesta v/Susanne Villanger Rolland</p> <p>Gjennomgang av vedlagt presentasjon.</p> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ønskje om litt meir fokus på spesialisthelsetenesta, då rapporten har så langt mest fokus på samhandling i og på tvers av kommunar, og mellom kommune og spesialisthelsetenesta, men lite internt i spesialisthelsetenesta. Etterspør også skildring av halvanna-linje-samarbeidet. - Helsepersonellkommisjonen sin NOU-rapport «Tid for handling» understrekar viktigheten av dei frivillige for berekraftige tenester. Går det an å synleggjere det meir? Kan ein kople på organisasjoner, og slepp tenestene dei til? <p>Vedtak: OU Voss lokalsjukehusområde tek statusoppdateringa frå arbeidsgruppa til orientering, og ber gruppa fortsette sitt arbeid frem mot ein presentasjon i SSU 12. juni 2025.</p>	O/D
30/25	<p>Program psykisk helsevern for framtiden. Delprosjekt - Sandviken. v/Eirik Elsaas</p> <p>Gjennomgang av vedlagt presentasjon.</p> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bør utfordre nasjonalt behovet for ei hybridløysning som tek i vare at ein unngår for lang liggetid og at kommunane ikkje får pasientar dei ikkje har føresetnad for å kunne hjelpe nok. 	O

	<p>Vedtak: Helsefellesskapet tar saken til orientering.</p>	
28/25	<p>Referat frå underutvala <i>v/Torstein Hellesnes</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Rehabilitering (05.02.25) - Pleie og omsorg (01.04.25) - Underutval for akuttmedisin og beredskap (UFAB) <ul style="list-style-type: none"> - <i>Var ikkje mottatt, og dermed ikkje moglegheit for innspel</i> - Rus og psykisk helse (20.03.25) <ul style="list-style-type: none"> - <i>Spørsmål knytt til behandling på tvers av kommunar vert seinare drøfta mellom kommunalsjefane for helse og omsorg.</i> - <i>Litt utfordrande å forstå alle forkortingar.</i> - Barn og unge (06.03.25) <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kan SSE bidra med ein mal for oppsett av referat? 	Ø
32/25	<p>Orientering frå representantane</p> <p>Haukeland universitetssjukehus <u>Samhandling:</u> Prøver ut å gje skriftleg orientering i forkant av møtet.</p> <p>Vaksdal kommune</p> <ul style="list-style-type: none"> - Opplev høge forventningar til tenestene. - God sokarmasse på sjukepleiarstillingar. <p>Ulvik herad</p> <ul style="list-style-type: none"> - La ned langtidsplassar i fjar, og desse vert no truleg omgjort til Omsorg + (avklaring med husbanken). - Utfordrande økonomi. - Voss sjukehus er med i styringsgruppa for ØHD-prosjektet deira. <p>Eidfjord kommune</p> <ul style="list-style-type: none"> - Overgang til ny elektronisk pasientjournal (Aidn). - Litt utfordring med bemanning samt overgang frå barn/unge til vaksne med tanke på bustad. <p>Voss herad</p> <ul style="list-style-type: none"> - Anbodsprosess på elektronisk pasientjournal. - Økonomisk situasjon krev grep i år, og store grep neste år. Reduksjon i langtidsplassar er føreslått. Vernar om førebyggande arbeid knytt til tenester for rehabilitering og rus og psykisk helse. - Ordningsa med interkommunal legevakt blir diskutert. - Opplev god samhandling med sjukehuset. <p>Kvam herad</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kjem til å ha ei politisk sak angåande utbyggingsbehov i haust. Utfordrande satsing når ein samstundes skal redusere pengebruk. - Ser løysingar med tanke på organisering og type arbeid med tanke på å ha «nok folk». <p>Voss sjukehus</p> <ul style="list-style-type: none"> - Pågående arbeid med ei rekke forbetringstiltak og effektivisering. Fokus på økonomi og drift. - Manglar 6 LIS-legar, men får 3-4 nye til hausten. - Gynekologisk avdeling er stabilisert. - I dialog med Augeklinikken angåande vidare lokalt tilbod dersom ingen private tek over praksisen i Voss. - Ønskjer å halde fram samarbeidet om interkommunalt legevakt. <p>DPS Voss</p> <ul style="list-style-type: none"> - Jobber med å teste ut ulike måter å jobbe med "tidlig avklaring" på. - Jobbar for å modernisere døgnavdelinga, og er i den forbindelse på besøk andre stader for å sjå på ulike typar løysingar. <p>Brukarrepresentantar</p>	O

	<p>Spesialisthelsetenesta</p> <ul style="list-style-type: none"> - Godt å høre om kva som skjer og å kunne ta tilbake til brukarutvalet. - Set rehabiliteringssaka høgt. - Følgt godt med på saka om behandling av gynekologisk kreft, og godt nøgd no. - Sett protoncenteret og er imponert. <p>Primærhelsetenesta</p> <ul style="list-style-type: none"> - Opplev ikkje meir spesialisthelsetenester i kommunane. - Store ressursar blir nytta til å følgje pasientar. - Vanskar med å kome i kontakt med dei ho representerer i kommunane. <p><i>Innspel frå Seksjon for samhandling: ønske om fellestransport i førre OU-møte er meldt vidare inn i organisasjonen.</i></p> <p>UNIO</p> <ul style="list-style-type: none"> - Helse Bergen har gjennomført eit møte med dei tillitsvalde frå spesialisthelsetenesta om korleis representerere inn i Helsefellesskapet. <p>Fagforbundet</p> <ul style="list-style-type: none"> - Opplev at det er bra dekning med sjukepleiarar, men meir mangel på helsefagarbeidarar. - Ein del prosjekt lengre fram i tid. <p>Fastlegerepresentant</p> <ul style="list-style-type: none"> - PLL stor betydning framover. - Lokalisering av interkommunal legevakt; innspel frå legane at det er viktig med fortsatt samarbeid med sjukehuset. <p>Kommuneoverlege</p> <ul style="list-style-type: none"> - Jobbar med rekruttering Har fått 7-8 søkerar. - Veldig viktig å ha fokus på kompetanse. - Avgjersle om interkommunal legevakt kan ikkje gjerast av Voss åleine. 	
33/25	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Innspel til tema (ref. OU-sak 29/24) bør sendast til SSE. <p><i>Ei påminning om dersom ein ønsker tema opp i OU lyt dette meldast inn i god tid i forkant av møta. Ingenting meldt til dette møtet.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Årsrapport frå Pasient og brukarombudet (Vedlegg for orientering) <p><i>Hadde dessverre ikkje tid til å gå igjennom rapporten i møtet, men rapporten var vedlagt møteinkallinga.</i></p>	

Neste møte:

Torsdag 18.september (kalenderinkalling er sendt i Outlook. Saksliste og tilhøyrande saksgrunnlag kjem ei veke før møte).